



**DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT**

Ifølge liste

Dykkar ref

Vår ref
14/2026-

Dato
18 SEPT 2015

Klager på vedtak om løyve til bygging av Krossdalselvi kraftverk i Jondal kommune i Hordaland – OED sitt vedtak

Vedtak om løyve til bygging av Krossdalselvi kraftverk fatta av NVE 23.4.2014 er klaga på av familien Kråkevik og Naturvernforbundet i Hordaland.

NVE har vurdert dei to klagane utan å finne grunnlag for å gjere om sitt vedtak, og har sendt saka til departementet i brev av 19.11.2014.

NVE fekk òg klage frå familien Øye, men har tatt den til følgje og endra løyve gitt 23.4.2014 slik at kraftverket ikkje vil påverke familien Øye. Departementet omtalar derfor ikkje denne klagen vidare.

1. BAKGRUNN

Blåfall AS søkte 28.3.2013 om løyve til bygging av Krossdalselvi kraftverk.

NVE handsama Krossdalselvi kraftverk saman med 12 andre søknader om små vasskraftverk i regionen. NVE ga fem løyve, ei positiv innstilling og sju avslag. Det er klaga på fleire av vedtaka.

Krossdalselvi kraftverk vil nytte eit fall på 159 m i Krossdalselvi til kraftproduksjon ved å bygge inntak på kote 325 og kraftstasjon på kote 166. Vassvegen er planlagt i sjakt og tunnel i omtrent 1000 m før det går i nedgrave rørgate 500 m ned til kraftstasjonen. Krossdalselvi kraftverk er planlagt med ein installert effekt på 5,49 MW. I løyvet frå NVE er kravet til slepp av minstevassføring sett til 500 l/s på sommaren og 100 l/s på vinteren. Kraftverket vil med dette produsere om lag 19,6 GWh i eit middels år.

Jondal kommune er positiv til prosjektet under føresetnad om at kraftstasjonen blir bygd med støyskjerming og at inntaket blir senka slik at det ikkje hevar grunnvasstanden i området. **Fylkesmannen i Hordaland** har ingen særlege merknadar til utbygginga, men ber NVE vurdere utbygging opp mot samla belastning av Jondalselva og meiner at det må setjast krav om støyskjerming i kraftstasjonen. **Hordaland fylkeskommune** påpeikar at det er potensial for automatisk freda kulturminne i området og at det må sleppast nok vassføring til å oppretthalde fiske i elva og drifte kvernhusa på Drebrekke. **FNF Hordaland** påpeikar førekomst av raudlisteartar i området og ønskjer ei vurdering av samla belastning på Folgefonnhalvøya. **Naturvernforbundet i Hordaland** er negative til ei utbygging og meiner miljøkonsekvensane ikkje er godt nok utreda i søknaden. **Folgefonni breførarlag** påpeikar at bre- og fjellturistar brukar Drebrekke som overnattingsstad og at naturmiljøet i gjelet som Krossdalselvi renn igjennom er ein viktig del av naturopplevinga. **Gunnstein Baggegard** er negativ til ei heving av vasspeilet ved inntaket og påpeikar flaumfare og skade på jordbruk som negative konsekvensar. **Trygve Kråkevik** påpeikar negative konsekvensar for turisme som følgje av tiltaket og meiner at det vil bli mindre attraktivt med fiske og bading i gjelet. **Statens vegvesen** har kommentert at delar av tiltaket ligg innanfor byggeforbodssona for fylkesveg 105.

Delar av nedbørfeltet til Krossdalselvi er overført til Jukla/Mauranger frå eit inntak på Skarvabotnen og eit inntak i Dravladalsvatnet. Nedstraums Krossdalselvi kraftverk ligg Eidesfossen kraftverk og det er gitt løyve til Haugafossen kraftverk i Jondalselva. NVE meiner at hovudvassdraget der Krossdalselvi kraftverk er planlagt, kan tole ein noko høgare utnyttingsgrad. NVE har lagt vekt på omsynet til kulturminne og friluftsinnteresser og meiner at desse interessene kan takast vare på ved å velje skånsame løysingar for tekniske inngrep, samt å sleppe tilstrekkeleg minstevassføring. NVE vurderer at med avbøtande tiltak, så vil ulempene som følgjer av Krossdalselvi kraftverk vere mindre enn fordelane.

2. KLAGANE

Trygve Kråkevik, Olaug Kråkevik, Herborg Kråkevik, Bård Kråkevik og Cecilie Styrmoen Stærnes (heretter referert til som **familien Kråkevik**) har sendt inn klage datert 12.5.2014. Klagen er utdjupa i brev den 3.6.2014. Familien Kråkevik meiner det ikkje skulle vore gitt løyve til Krossdalselvi kraftverk og ber OED om å gjere om vedtaket. Klagen kan oppsummerast i 13 hovudpunkt. Punkta er òg utdjupa i eit eige vedlegg til klagen.

1. *"Det er lagt altfor liten vekt på konsekvensar for næringsutviklinga på garden Drebrekke"*
2. *Krossdalselva som landskapselement er sterkt undervurdert. Konsekvensane av utbygginga for elva som landskapselement er vurderte feil og tillagt altfor liten vekt.*
3. *Konsekvensane for fiske er større enn slik dei vert vurdert i NVE si vurdering*
4. *Konsekvensar for kvernshusmiljøet og ferdsels- og pilgrimsvegen er sterkt undervurdert*
5. *Feil i fråsegner og utelating av viktig informasjon i sakshandsaminga kan ha hatt stort utslag på NVE si vurdering.*
6. *Belastinga av vasskraftutbygging på hovudvassdraget i Krossdalen vurdert for liten*

7. *Forholdet mellom utbyggjing av elva og stort arbeid lagt ned for ta vare på landskap og kulturminner er utelate i vurderinga av Krossdalselva*
8. *Konsekvensane av dei tre konsesjonane til Vassendenelva, Krossdalselva og Brattabøelva burde og vore vurderte innanfor det avgrensa området som desse utbyggjingane utgjer*
9. *Omfanget av samla utbyggjing av vasskraft i Hardanger burde vore tillagt vekt i vurderinga*
10. *Fugl*
11. *Raudlistartar og naturtypar*
12. *Stort arbeid lagt ned lokalt og regionalt for satsing på fotturisme + pilgrimssatsing på veg*
13. *Utbyggjina av den delen av Krossdalselva som renn forbi Drebrekke gjev ikkje verdiskaping lokalt."*

Bård Kråkevik og Cecilie Styrmoen Stærnes var 3.3.2015 i møte hjå departementet for å legge fram sitt syn på saka. Klager har i etterkant sendt inn eit oppsummeringsbrev av 15.7.2015 med utfyllande informasjon til klagen. Her blir det bl.a. omtalt at kverna har behov for stor vassføring, at klagar har lagt ned store ressursar i satsing på reiseliv og at den samla belastninga på vassdragsnaturen i området er svært stor.

Naturvernforbundet i Hordaland har sendt inn klage datert 19.5.2014. FNF Hordaland har i brev av 20.5.2014 uttalt at dei stiller seg bak klagen til Naturvernforbundet i Hordaland. Klagen er summert i seks punkter:

1. *" I grunngjevinga frå NVE side 53 er Brattabøelva, Krossdalselv og Grimeelva sett under eitt når det gjeld omsynet til den truga naturtypen bekkekløft. NVH vil påpeika at Brattabøelva og Krossdalselva er deler av nedbørsfeltet til Jondalselva mens Grimeelva høyrer til eit heilt anna nedbørsfelt, nemleg Storelvi i Herand, som ligg mykje lenger nord. Desse to vassdraga kan ikkje samanliknast. Ut frå omsynet til samla belastning i Jondalselva bør difor skadene på bekkekløftene i Krossdalselva tilleggast større vekt enn NVE har gjort. Dersom registreringa hadde vart lenger og kanskje til andre årstider, så er det gode sjansar for at ein hadde registrert raudlista artar også her. NVH vil påpeika at sjølv om det ikkje er påvist raudlista artar, så er det potensial for slike, og at bekkekløfter i seg sjølv er ein truga naturtype.*
2. *På side 54 i NVE si vurdering vedgår ein at den sterkt reduserte vassføringa i Krossdalselva vil påføre skader på den truga flaumavhengige naturtypen gråorheggeskog på Gjølvi. Likevel ser NVE bort frå dette, sidan det er så høg minstevassføring (12% i sommarsesongen og 3% i vintersesongen (oktober-mai)), og at det framleis vil gå flaumar der. Dette er ein udokumentert påstand. Det heiter vidare at det ikkje er påvist raudlista moseartar her, men konsulentrapporten viser at det ligg til rettes for at det fins slike, sidan det er registrert eit høgt artsmangfald. Elles gjeld det same her som for bekkekløfter at det er naturtypen i seg sjølv som er truga, og at når ein ikkje har nok kunnskap, så bør førevar prinsippet følgjast.*

3. *Det er nemnt at Lauvbrufossen er eit viktig landskapselement som aukar opplevingsverdien av området. Men det ser ikkje ut til at NVE tek konsekvensen av det og tillegg det noko vekt i sin konklusjon. Bortfall av over 70% av vassføringa i elva vil redusera opplevingsverdien, noko NVE har lagt stor vekt på i andre av dei 13 vassdraga i Folgefonnpakka.*
4. *Bortfall av over 70% av vassføringa vil gje dårlegare vilkår for fisken i elva, og det vil vera vanskelegare å utvikla nye fiskestammar som kan gjera det meir attraktivt å fiska her, og øydeleggja for det arbeidet som blir gjort for å oppnå dette*
5. *Det er nemnt at det fins to gamle restaurerte kvernhus på garden Drebrekke, der eigarane prøver å livnæra seg ved gardsturisme. Men NVE har ikkje registrert at ein del av opplevingsverdien av denne garden er at kvernhuset er restaurert med tanke på at det skal vera i drift som eit kvernhus og dokumentera korleis folk malte kornet og livnærte seg i tidlegare tider. Ein så stor reduksjon som utbygginga medfører dvs. over 70% i sommarsesongen, vil langt på veg fjerna grunnlaget for denne turistsatsinga. Omsynet til kulturminne blir tillagt stor vekt og er ein av grunnane til avslaget på konsesjonssøknaden for eit anna av dei 13 småkraftverka, nemleg Sævarhagen kraftverk.*
6. *Omsynet til samla belastning gjeld generelt om denne delen av Jondal kommune. Når no både Brattabøelva, Vassendaelva og Krossdalselva får konsesjon, og nær 50% av Krossdalselva frå før er overført til Mauranger, så er det ingenting igjen i denne delen av Jondal kommune som ikkje er utbygd."*

Departementet har i tillegg mottatt innspel frå fleire partar i løpet av klagehandsaminga.

Jostein Bakke og Nils Georg Brekke, begge ved Universitetet i Bergen (UiB), uttalar i brev av 11.3.2015 at området rundt garden Drebrekke inneheld internasjonalt viktige landskapselement, som gjev rikt grunnlag for undervisning og forskning innan geografi, geologi, og generelt naturlære. Dei meiner at området er av dei mest verdifulle natur- og kulturlandskap på Folgefonnhalvøya. Dei meiner at det er av stor betydning at elva ikkje blir råka av ei ny vassdragsutbygging om Drebrekke skal kunne vere gunstig for undervisning og forskning i regi av UiB.

Landbrukskontoret ved Svein T. Guntveit i Jondal kommune uttalar i e-post av 18.5.2015 at det er eit spesielt fint kulturlandskap på garden Drebrekke og at det gamle tunet er halde i god hevd. Kommunane og Fylkesmannen har støtta opp om arbeidet gjennom SMIL-tilskot og ynskjer at satsinga i Drebrekke kan utviklast vidare.

Anne Karin Stormyr, fastbuande i Øvre Krossdalen, uttalar i brev av 20.5.2015 at det er store friluftsinnteresser i området og at Drebrekke kan vere ein viktig overnattingsstad for turistar. Området ved Krossdalselva og dei to kvernhusa er svært verdifullt kulturhistorisk og har stor opplevingsverdi. I tillegg meiner ho at elva i dag er godt synleg for dei som kjem køyrande lands bilvegen og inneheld ein svært fin badeplass. Ho uttrykkjer òg misnøye med

at Statkraft og Blåfall AS er utbyggjarar og at ei utbygging bør skje lenger nede i vassdraget slik at det er fastbuande som får inntektene.

3. DEPARTEMENTET SINE MERKNADAR

Løyve til bygging av Krossdalselvi kraftverk kan bli gitt om *"fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser"*, jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd. Departementet vil drøfte dei merknadane frå klager som er naudsynste for å grunngje avgjerda. Departementet kan òg ta omsyn til andre forhold som ikkje er tatt opp av klager.

NVE sine avslag til Tveddal kraftverk og Breisete kraftverk, som er planlagde i nabovassdraget, er òg klaga på. Departementet handsamar Krossdalselvi kraftverk samla med Tveddal og Breisete kraftverk.

Landskap og andre brukarinteresser

Krossdalselvi kraftverk vil føre vatn frå ei elvestrekning på til saman 2,5 km. Tiltaket vil vidare gi inngrep som følgje av mellom anna etablering av kraftstasjon, inntaksdam, tunnelpåhogg og 0,6 km rørtrasè.

Landskap

Landskapet rundt tiltaksområdet har gode opplevelseskvalitetar, med elva som sentralt element, til trass for tidlegare fråføring av vatn i samband med Mauranger-utbygginga. Lauvbrufossen er synleg frå der fylkesvegen kryssar Krossdalselvi ved planlagt inntaksstad. Området si inntrykksstyrke og mangfald gjer at verdien til landskapet blir vurdert som middels til stor.

Fylkesmannen meiner NVE bør vurdere å avslå på grunn av det store talet på kraftverk i Jondalselva. Fylkeskommunen meiner at avbøtande tiltak som minstevassføring vil ta vare på Krossdalselvi som landskapselement.

NVE meiner at det er viktig å oppretthalde ei viss vassføring i elva for å ivareta brukarinteresser og opplevinga av elva sjølv etter ei utbygging. Departementet meiner at med tilstrekkeleg minstevassføring, som fastsatt av NVE, så kan vi ikkje sjå at omsynet til landskap tilseier at tiltaket ikkje kan få løyve.

Kulturmiljø

To kvernhus står ved elva omtrent 200 m nedanfor det planlagde inntaket og vil bli indirekte påverka av ei redusert vassføring. Periodane med høg vassføring vil bli markert færre og noko mindre enn før ei ev. utbygging.

Fylkeskommunen påpeikar at det er gitt økonomisk støtte til å restaurere eit av kvernhusa, men dersom det blir ei utbygging meiner dei at ei minstevassføring vil kunne virke avbøtande på kvernhusmiljøet. Familien Kråkevik og fleire andre har òg påpeika viktigheita av elva som bidragsytar til kulturmiljøet rundt. I brev av 15.7.2015 opplyser familien Kråkevik at kverna blei nytta når det var flaum og er avhengig av stor vassføring for å drive ho. Variasjon i

vassføring i elva gjer det utfordrande å planleggja når ein kan drive formidlingsarbeid med kverna.

Utbygging av Krossdalselvi kraftverk vil føre til ein reduksjon i tal dagar med stor vassføring og i ein reduksjon av flaumtoppane.

NVE er einig i at kvernhusmiljøet kan bli noko ringare ved ei utbygging, men meiner at miljøet vil kunne oppretthaldast til ei viss grad sjølv etter ei ev. utbygging. Departementet meiner at ei utbygging vil forverre forholda for drift av kvernhusa på Drebrekke.

NVE meiner at det er viktig å oppretthalde tilstrekkeleg minstevassføring for dei biologiske verdiane i elva og for vassdragsmiljøet ved kvernhusa på Drebrekke. NVE meiner at den fastsatte minstevassføringa kan ivareta noko av verdiane i Krossdalselvi. Departementet støttar NVE si vurdering.

Friluftsliv

Fylkesvegen langs elva er innfartsåre til Folgefonna Sommarskisenter og fleire populære turområde. Familien Kråkevik opplyser at det er gjort ei omfattande satsing på turisme på garden Drebrekke. Delar av den gamle Pilgrimsvegen går nær elva. Fleire stiar er opprusta, eller under opprusting, og alle har tilknytning til elvestrekninga som blir påverka. Anne Karin Stormyr har òg påpeika verdien elva har for dei store friluftsiinteressene i området.

I følgje søknaden, fylkeskommunen, Naturvernforbundet og fleire grunneigarar blir det fiska i Krossdalselvi. Familien Kråkevik meiner at utbygginga utvilsamt vil vere skadeleg for fisk og dermed påverke fiske i elva negativt. Aktivitetstilbodet som elva kan gje er viktig for at turistar skal besøke Drebrekke. NVE har vurdert fiske i Krossdalselvi til å kome under kategorien *vassdrag med småbestander av innlandsfisk og noko fiskeinteresser* og dermed av middels verdi. NVE har vurdert avbøtande tiltak av omsyn til fisk, men har ikkje lagt avgjerande vekt på temaet i vurderinga av konsesjonsspørsmålet. Departementet støttar NVE si vurdering av konsekvensane for fisk og fiske. Departementet meiner at reduksjonen av vassføring i elva vil kunne påverke friluftslivet noko, men at konsekvensane er akseptable.

Etter departementet si vurdering vil ei utbygging av Krossdalselvi kraftverk, på nærare fastsette vilkår, ha akseptable konsekvensar for landskap og andre brukarinteresser.

Naturmangfald

Krossdalselvi kraftverk vil fråføre vatn frå ein bekkekløftlokalitet og ein avgrensa gråorheggeskog, begge av lokal verdi (C-verdi). Det er ikkje registrert raudlista artar og det er heller ikkje planlagt tekniske inngrep innanfor lokalitetane.

Naturvernforbundet påpeikar at det er potensiale for å finne raudlista artar i begge lokalitetane og at det er naturtypen i seg sjølv som er truga. Naturvernforbundet meiner òg at skadane på bekkekløfta i Krossdalselvi må leggjast større vekt på enn det NVE har gjort. Dei påpeikar at det ikkje går an å samanlikne bekkekløftene i Brattabøelva, Krossdalselva og Grimeelva på den måten NVE har gjort, sidan Grimeelva høyrer til eit anna nedbørfelt.

NVE meiner at sjølv om den verdifulle lokaliteten av gråor-heggeskog i Krossdalselvi får fråført vatn så vil lokaliteten sannsynlegvis ha kvalitetar som opprettheld verdsettinga og dei naturlege økologiske prosessane som ligg til grunn for denne. NVE påpeikar at deira vurdering av konsekvensar for naturmangfald omfattar uvissa som ligg i det sannsynet som alltid er der for funn av nye artar i eit område.

Departementet legg til grunn at moglege konsekvensar for naturtypa bekkekløft må vektleggjast noko i den samla vurderinga av Krossdalselvi kraftverk, og i fastsetting av vilkår for slepp av minstevassføring ved eit løyve. Departementet er einig i NVE si vurdering av konsekvensane for naturtypane bekkekløft og gråor-heggeskog.

Naturmangfaldlova

Skjønsutøvinga ved sakshandsaming etter vassressurslova må vere i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova. Det inneber at utbygginga av Krossdalselvi kraftverk og miljøkonsekvensane av tiltaket skal vurderast i eit langsiktig og heilskapleg perspektiv, der det enkelte tiltak sitt bidrag til den nasjonale satsinga på fornybar energi, omsynet til kraftforsyningstryggleik og tapet eller øydelegging av naturmangfaldet på sikt vurderast. Føresegnene i naturmangfaldlova §§ 8-12 vert lagt til grunn som retningslinjer ved departementet si handsaming etter vassressurslova, jf. naturmangfaldlova § 7. Omfanget av vurderingane skal tilpassast verdiane som kan bli råka av tiltaket. Etter departementet si vurdering er det på bakgrunn av dokumenta i saken og opplysningar frå konsesjonshandsaminga god kunnskap om verdiane i området. Verknadane av tiltaket vurderast òg som godt kartlagt. Departementet finn at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova § 8 er oppfylt.

Departementet har sett Krossdalselvi kraftverk i samanheng med andre påverknadar på naturmangfald i influensområdet og elles i regionen, og finn at den samla belastninga ved ei utbygging av Krossdalselvi kraftverk er akseptabel, jf. naturmangfaldlova § 10.

Departementet meiner at naturverdiane og moglege konsekvensar som følge av Krossdalselvi kraftverk ikkje er av ein slik karakter at det kan leggjast avgjerande vekt på føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9.

Jamfør naturmangfaldlova § 11 skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket forårsakar, dersom det ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I vassdragskonsesjonar følgjer det eit sett med vilkår der dette leggjast til grunn. Under konsesjons- og klagehandsaminga er ulike løysingar og avbøtande tiltak vurdert. Etter departementet sitt syn er miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar vurdert i tilstrekkeleg omfang, jf. naturmangfaldlova § 12.

Samla belastning

NVE har handsama 13 søknader om kraftverk på Folgefonnahalvøya samtidig, der sju av tiltaka er i Jondal kommune. Fem av dei ligg i Jondalsvassdraget med sideelver, medan to ligg nord i Jondal kommune i Herand.

Jondalsvassdraget er per i dag påverka av fleire vassdragsutbyggingar. Mauranger-utbygginga har overført delar av nedbørfeltet slik at vassføringa er redusert frå Brattabø til fjorden. I nedre del av vassdraget er det tre kraftverk i drift; Eidesfossen, Stølsdalselvi og Haugafossen kraftverk. I tillegg er Espelandsvatnet, som ligg oppstraums Eidesfossen, regulert for å gi aukt kraftproduksjon. Haugafossen kraftverk ved Jondal sentrum er eit gamalt anlegg, men har no fått løyve til ei utviding.

Fylkesmannen i Hordaland ber NVE vurdere den samla belastninga av vasskraftutbygginga i Jondalselva. Naturvernforbundet i Hordaland meiner at eksisterande utbyggingar tilseier at nye naturinngrep ikkje kan forsvarast. Familien Kråkevik meiner at den totale belastninga av vasskraftutbygging på hovudvassdraget er stor og at dette har blitt lagt for lite vekt på av NVE. Dei samanliknar med vurderinga i Herand, der NVE vurderer at utbygging av Herand kraftverk vil ta bort så mykje vassdragsnatur at dei to andre søknadane om kraftverk (Sæverhagen og Grimeelva) må få avslag. Familien Kråkevik meiner at det same er tilfellet i Krossdalen, einaste skilnaden er at utbygginga av Mauranger skjedde for 40 år sidan.

Dei omsøkte kraftverka i Jondalsvassdraget (Krossdalselvi, Brattabøelvi, Vassendelva Breisete og Tveddal kraftverk) vil ifølgje NVE utnytte store delar av det resterande kraftpotensialet i vassdraget. NVE meiner at ei utbygging av alle dei omsøkte kraftvera vil få stor konsekvens for vassdragsnaturen og vassdragsmiljøa i Jondalsvassdraget med sideelvar. Det er heller ingen verna vassdrag i Jondal kommune. NVE meiner at ei utbygging av Brattabøelvi, Krossdalselvi og Vassendelva kraftverk vil føre til høg utnytting av eit vassdrag. Samtidig vil prosjekta produsere om lag 40 GWh og dei er etter NVE si vurdering godt tilpassa terrenget og vil bli lite synlege etter anleggsfasen. Omgjevnadane er storslåtte, men hovudinntrykket berer preg av landskap som er forma av menneskeleg bruk. NVE meiner at eit slikt landskap vil tole fråføring av vatn betre enn eit dalføre med færre inngrep og konkluderer med at Brattabøelvi, Krossdalselvi og Vassendelva kraftverk kan få løyve.

Breisete og Tveddal kraftverk ligg langs Stølsdalselva, ei sideelv til Jondalselva, som i dag er uregulert ovanfor inntaket til Stølsdalselva kraftverk. Uregulerte elvestrekningar er i ferd med å bli unike i Jondal kommune og NVE meiner det er viktig å ivareta nokre slike for framtidige generasjonar. NVE har avslått søknadane om Tveddal og Breisete kraftverk av blant anna omsyn til samla belastning.

Departementet meiner at den samla belastninga på verdier i Krossdalen, Jondalsvassdraget og i regionen som heilhet må leggjast vekt på i konsesjonshandsaminga for Krossdalselvi kraftverk. Belastninga på vassdragsnaturen frå vasskraftutbygging i området er, etter departementet sitt syn, begynt å bli svært stor. Departementet meiner likevel, som NVE, at hovudvassdraget kan tole noko meir fråføring av vatn til bygging av Krossdalselvi kraftverk.

Departementet har i brev av dags dato avslått Tveddal kraftverk og Breisete kraftverk. Omsynet til samla belastning inngår i desse vurderingane.

Andre forhold

For ei nærare vurdering av konsekvensane for allmenne interesser m.m. syner departementet til NVE sitt vedtak av 23.4.2014, KSK-notat nr.: 30/2014 og 25/2014 og NVE sitt oversendingsbrev av 19.11.2014.

Oppsummering og konklusjon

Krossdalselvi kraftverk vil i samsvar med omsøkte planer bidra med om lag 19,6 GWh/år fornybar energi. Dette er ein høg produksjon av fornybar energi samanlikna med andre småkraftutbyggingar, og bidrar til å oppfylle den politiske satsinga på å auke produksjonen av fornybar energi i landet. I tillegg vil tiltaket gi positive ringverknadar lokalt og varige inntekter til søkjar og kommune.

Departementet meiner at ulempene for landskap, naturmangfald og andre brukarinteresser kan avbøtast i tilstrekkeleg grad og dermed er akseptable.

Etter ei heilskapleg vurdering finn departementet at fordelane og nytta ved Krossdalselvi kraftverk, gitt avbøtande tiltak, er større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Vilkåret for løyve er såleis oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

4. DEPARTEMENTET SITT VEDTAK

Klagane frå familien Kråkevik og Naturvernforbundet i Hordaland blir ikkje tatt til følgje. NVE sitt vedtak av 23.4.2014 blir oppretthalde.

Dette vedtaket kan det ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.

Med helsing

Trond Ulven Ingvaldsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Siri Merethe Fagerheim
rådgjevar

Kopi til:

Jondal kommune
Norges vassdrags- og energidirektorat
Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune

Adresseliste

Anne Karin Stormyr	Kvåle	5627	JONDAL
Blåfall AS	Vollsveien 6	1324	LYSAKER
FNF Hordaland			
Bård Kråkevik			
Universitetet i Bergen	Institutt for geovitenskap	5007	BERGEN
Naturvernforbundet Hordaland	Postboks 1201	5811	BERGEN